



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

KJEKAVIKA VELFOREINING

Kjerrbergtunet 52

4051 SOLA

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2019/772-116		07.04.2021

Intensjon om kommunal overtaking av vassleidningar i Kjekavika

Viser til tidlegare kommunikasjon vedr leidningsnett i Kjekavika.

Kvinnherad kommunestyre har vedteke at Fatland Vassverk skal overtakast av kommunen straks det er etablert ny vassforsyning frå Landa til Fatland, og at vatnet kan distribuerast ut til abonnentane. Kvinnherad kommune vil overta størsteparten av leidningsnett til Fatland Vassverk.

I samband med dette, ynskjer også Kvinnherad kommune å overta den delen av leidningsnett til Kjekavika Velforeining som er merka med oransje farge på vedlagte kart, til kr 0,- Dette betyr at kommunen overtar eigarskap og driftsansvaret for leidningsnett med kummar, inkl framtidige investeringar som vert naudsynt.

Dersom dette er OK for Kjekavika Velforeining, ynskjer kommunen ei tilbakemelding som stadfestar dette, og som kan sendast til post@kvinnherad.kommune.no og merkjast med 2019/772.

Kommunen vil i tilfelle overta leidningsnett samtidig som Fatland Vassverk vert overteke. Det vil verta laga ein overtakingsprotokoll, og det må på plass standard grunnavtale med dei grunneigarane leidningane ligg på i dag. Alle dokument skal vera klare før overtakinga.

Med helsing

Egil Eide

Einingsleiar Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.